

Eikangervåg 21/04-2023

## **Søknad om dispensasjon frå føresegn i reguleringsplan**

*(søknad om dispensasjon skal berre realitetsbehandlast dersom kommunen vurderer det som naudsynt i saka, den er sendt med som ei «føre var» tiltak frå vår side)*

Det vert med dette søkt om dispensasjon frå § 3 i føresegnene til reguleringsplan «Området B4 del av gnr. 233 bnr. 6 og 7 planid.: 1263-07011985.»

§ 3 inneheld bestemmelse om at bustader i planområdet skal ha ei høgde.

Dispensasjon i forhold til tal etasjar bør kunna gjevast med bakgrunn i at det i planområdet allereie har utvikla seg ein praksis for å byggja i fleire plan, intensjonen i reguleringsplanen er i så måte undergrave. Slik planområdet, som i praksis er ferdig utbygd, framstår i dag er det overvekt av bustader med fleire etasjar.

Dette inkluderer den aktuelle bustaden i denne saka, som har 2 etasjar allereie – tiltaket medfører ingen endring på dette og søknad om dispensasjon er difor meir å rekna som ein formalitet slik vi ser det. Tiltaket vil ikkje endra på ytre rammer med unntak av marginalt i front på arka og endring av takform.

Ombygginga er planlagt for å få ei meir teneleg planløyning og ein oppgradert visuell framtoning på bustaden samstundes vil en få oppgradert bygningmassen med tanke på energibruk etc.

All den tid intensjonen bak regelen allereie er undergrave i planområdet, og bustaden allereie har 2. etasjar vil ikkje hensynet bak regelen bli tilsidesett om ein gjer dispensasjon. Hensynet bak regelen er allereie undergrave og fordelane er etter vår vurdering klart større enn ulempene. Det bør difor kunna gjevast dispensasjon.

Med vennleg helsing



Lars Alvær Hagesæter  
Ansvarleg søkjar

Vedlegg B-01

